



## Arbeidsprogram 2019-2022

Prioriterte satsingsområde, strategi og tiltak.

Sogn og Fjordane Folkemusikklag skal arbeide for å ta vare på og vidareformidle folkemusikktradisjonane i Sogn og Fjordane gjennom å arbeide for å auka kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans.

### INFORMASJON

SFFL skal gje god og relevant informasjon om aktuelle saker og hendingar til publikum, samt arbeide for å auka omtale av folkemusikk og –dans i media.

Tiltak:

- Aktiv utsending av pressemeldingar i samband med aktuelle saker og hendingar
- Legge ut saker på nettsida samt vidareformidle info frå medlemmer/medlemslag
- Gjere kappleiksresultat, årsmøtereferat og årsmeldingar tilgjengeleg for medlemmer digitalt

### ARENA

SFFL skal sikre gode arenaer for formidling, rekruttering og opplæring for born, unge og vaksne gjennom å skipe til eigne arrangement, samarbeide med relevante aktørar og arbeide for folkemusikk og –dansenstilbod i spelemannslaga og i kulturskular.

Tiltak:

- Arrangere Mokurset, ungdomssamlingar, fylkeskappleik, smorbukkappleik og vestlandskappleik
- Initiere samarbeid mellom ulike aktørar for auka aktivitet og interesse for feltet

### KULTURPOLITISK ARBEID

SFFL skal vere ein synleg kulturpolitisk aktør som sikrar medlemmene sine interesser.

Tiltak:

- Delta i offentleg ordskifte om aktuelle saker på kultur- og folkemusikkfeltet
- Gje uttale på høyringssaker som vedrøre kultur- og folkemusikkfeltet
- Arbeide for å styrke dei økonomiske rammevilkåra for folkemusikk og –danseaktiviteten i fylket
- Arbeide for å styrke folkemusikkfeltet inn i det nye Vestland fylke

### ORGANISASJON

SFFL skal kontinuerleg utvikle organisasjonen gjennom å sikre god dialog internt i organisasjonen, initiere samarbeid med relevante aktørar og nytte menneskelege og økonomiske ressursar i organisasjonen til det beste for formålet.

Tiltak:

- Sikre god flyt av informasjon internt i organisasjonen
- Initiere samarbeid med relevante aktørar regionalt, nasjonalt og internasjonalt
- Nytt menneskelege og økonomiske ressursar i organisasjonen til det beste for formålet
- Tilby rådgjeving, rettleiing og kompetansehevande tiltak for medlemslag og enkeltmedlemmer
- Utvikle gode rutinar og planverktøy for målretta og effektivt arbeid i organisasjonen